

Saksnr: 2023/79503-4**Saksbehandlar:** Bjørnar Tjøflot**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		24.04.2024
Fylkesutvalet		02.05.2024

Høyringsuttale til Blådalselva kraftverk i Gloppen kommune**Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune er positiv til bygginga av Blådalselva kraftverk så langt tiltaket kan gjennomførast utan vesentlege inngrep i naturtypar med stor verdi i tiltaksområdet. Viss slike inngrep ikkje kan avgrensast må det settast krav om avbøtande tiltak knytt til lokalitetane.
2. Vestland fylkeskommune vurderer at området har potensial for funn av automatisk freda kulturminne, primært knytt til gardsdrift i førhistorisk tid. Det må difor gjennomførast kulturminneregistrering før ein byrjar med tiltak i tiltaksområdet.
3. Det er viktig at det settast tilstrekkeleg minstevassføring og at kraftverket køyrast utan brå vassføringsendringar for å ta vare på fiskebestand og andre ferskvassorganismar i elva. Det er viktig å vurdere om utbygging av Blådalselva vil redusere miljøtilstanden i elva, jf. vassforskrifta.

Samandrag

NVE har fått søknad frå Kandal Kraftverk AS om løyve etter vassressurslova til å byggje Blådalselva kraftverk. NVE har sendt denne søknaden på høyring til m.a. Vestland fylkeskommune, som er ein viktig høyringspart i saka. Vedtak i fylkestinget sendast til NVE som høyringsuttale.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør**Bård Sandal**
avdelingsdirektør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

NVE har fått søknad frå Kandal Kraftverk AS om løyve etter vassressurslova til å byggje Blådalselva kraftverk. Konesjonssøknaden er no sendt på høyring til m.a. Vestland fylkeskommune.

Kandal Kraftverk AS har inngått avtale med grunneigarane og fallrettseigarane om utbygging og drift av Blådalselva kraftverk i Blådalselva mellom kote 331 moh og 142 moh. Avtalen omfattar leige av fallrettar og gir naudsynt tilgang til areal for bygging og drift av Blådalselva kraftverk. Kraftverket, viss det vert realisert, vil produsere 4,8 GWh/år.

Tiltaket har tidlegare blitt vurdert etter vassressurslova. I samband med bygginga av Kandal kraftverk, vart det søkt om å overføre Blådalselva til inntaket i Kandalselva.

Planane for Blådalselva omfatta eit 1300 m nedgrave røyr, gjennom ei li med lauvskog, eit stort plantefelt av gran og open beitemark. Inntaket var planlagt med ein 1 m høg og 10 m lang lausmasseterskel og ein 15 m lang kanal til røyrinntaket.

Det var ikkje søkt om minstevassføring i Blådalselva, berre i Kandalselva. Innspel i høyringsrunden var at planlagt minstevassføring var for lita både i høve til landskapsopplevinga, særleg tap av fossen ved kote 100 m, og for fisk i elva. Det vart også peika på at overføringa ville medføre tap av INON-område og at inntaket var i eit viktig randområde til Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde.

Etter første høyringsrunde vart planane for overføring av Blådalselva justerte, inntaket vart flytta lenger ned slik at det vart mindre dominerande i landskapet og røyrgetraseen vart tilpassa for å unngå konflikt med plantefelt av gran og gardsmiljøet på Mykland. Det vart likevel ikkje gjeve konsesjon til bygging av Kandal kraftverk med overføring av Blådalselva, hovudargumentet til NVE var Blådalselva sitt bidrag med restvassføring i elva.

I denne søknaden er det gjort følgjande grep for å redusere konflikhtar med naturmangfald og landskap:

- Inntak nedanfor fossen i Blådalselva, noko søkjar meiner reduserer konsekvensar for landskap, inngrepsfri natur og landskapsvernområdet
- Kompakt inntakskonstruksjon med låg synlegheit godt tilpassa til terreng, ifølgje søkjar.
- Minstevassføring er planlagt heile året, reduserer konsekvensar for landskap og fisk i elva

Skildring av tiltaket


Tiltaket inneber å byggje eit Coandainntak for uttak av vatn i Blådalselva på kote 331 moh og kraftstasjon med golv på kote 142 moh. Vassvegen består av nedgrave røyrgate med lengde 840 m og røyrdimensjon ø600 mm.

Nettilknytning skal skje ved å byggje 100 m luftlinje over Kandalselva og grave ned 150 m jordkabel til eksisterande 22 kV-stolpe.

Det er allereie ein skogsveg delvis opp mot inntaket, og det må byggjast 550 m med mellombels anleggsveg vidare opp til inntaket. Det må byggjast om lag 160 m med ny permanent veg til kraftstasjonen.

Det er planlagt største/minste slukeevne på 1,00/0,03 m³/s, minstevassføring er føreslått til 20 l/s om vinteren og 80 l/s om sommaren. Installert effekt (til generator) er rekna til 1,6 MW som i gjennomsnitt gir ein straumproduksjon på 4,8 GWh/år.

Landskapet er prega av høge fjell og moreneavsetningar frå inntaket og om lag 500 m nedover renn Blådalselva gjennom ein morenerygg og har danna ein djup renne. Like oppstraums inntaket er ein foss.



Figur 1: Arealbruksplan for Blådalselva kraftverk (henta frå konsesjonssøknaden).

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse saka jf. fylkeskommunen sitt delegeringsreglement kap. 7. Høringsuttale, kap. 22. Energilova og kap. 27. Vassressurslova.

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i denne saka.

Vurderingar og verknader

Fornybar energi

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen) er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grønn verdiskaping.

Delmål 1 fornybarplanen seier at vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.

Kraftverket skal bidra med 4,8 GWh/år med fornyar energi til energimiksen i Noreg.

Næring

Tiltaket gjev økonomiske fordelar for utbyggjar og eigarar og knytt til energiproduksjon på 4,8 GWh/år. Kraftverket bidreg til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Indre Kandal satsar på turisme, og kraftverket vil med inntektene det gjev bidra til å halde oppe lokal busetnad.

I tillegg bidreg meir rein energiproduksjon ut på kraftnettet i Vestland til lågare kraftprisar.

Klima

Auka produksjon frå fornybare energikjelder bidreg til kutta klimagassutslepp i Vestland.

Klimatilpassing og flaum

Kraftverket vil redusere flaumvassføring i Blådalselva.

Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljømynde.

Vi vurderer at området har potensial for funn av automatisk freda kulturminne, primært knytt til gardsdrift i førhistorisk tid. Vestland fylkeskommune uttalte i brev dagset 03.01.2023 at det må gjennomførast kulturminneregistrering før ein byrjar med tiltak i tiltaksområdet. Brevet ligg som vedlegg 10 i konsesjonssøknaden, og er omtalt i punkt 3.12.

Det må gjennomførast kulturminneregistrering før ein kan byrje med tiltak i tiltaksområdet. Tiltakshavar må difor ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før dei planleggjar å byrje med tiltaket.

Fysisk aktivitet og inkludering

Vi har ingen merknadar til tiltaket m.o.t. friluftslivsinteresser. Tiltaket ligg utom grensene til landskapsvernområdet og vi kan ikkje sjå at det er konflikt med kartlagde friluftsområde.

Biologisk mangfald

I øvre del av influensområdet er det registrert tre raudlista naturtypar, ei naturbeitemark, ei fosse-eng og eit fosseberg, alle med stor verdi.

Retningslinje 24 i fornybarplanen seier at i elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For fossefall kan oppsetting av eigne reirkasser vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn.

Retningslinje 25 i fornybarplanen seier at etablering av røyrgate og anleggsveg ikkje må føre til vesentleg inngrep i naturtypar av stor verdi. Det vert difor viktig å avgrensa inngrepa i desse naturtypane så mykje som råd. Dette er òg i tråd med Regional plan for klima 2022-2035, for Vestland fylkeskommune. Viss det er vanskeleg å avgrensa inngrepa må krav det settast krav om avbøtande tiltak jf. retningslinje 22 i fornybarplanen.

Vassmiljø og fisk

I søknaden om konsesjon for Blådalselva kraftverk står det at elva i seg sjølv er ein nær truga naturtype (elvevassmassar) med middels verdi og at den også er eit funksjonsområde for ikkje-anadrom fisk. Elva er vurdert til å ha noko verdi på aktuell elvestrekning og middels verdi nedstrøms vandringshinder for storaure frå Breimsvatnet.

I [konsekvensutgreiinga for Breim kraftverk](#) går det fram at dei viktigaste gyteområda for auren i Breimsvatnet er utløpet av vatnet i nordenden av Breimsvatnet og Paulselva i sørenden. Vidare står det at storauren gyt i utløpet av Breimsvatnet. Dei andre innløpa kan likevel vere lokalt viktig gyte- og oppvekstområde for aure i Breimsvatnet. Det er difor viktig at det vert tilstrekkeleg med vassføring utan brå vasstandsendringar på strekninga nedstraums utløpet frå kraftverket.

Blådalselva er ein del av vassførekomsten «087-104-R Kandalselva, bekkefelt» som er vurdert å ha svært god tilstand etter vassforskrifta. I søknaden blir det vist til denne tilstanden og at Kandalselva har moderat økologisk tilstand, som betyr at miljømålet ikkje er nådd. Det er viktig å vurdere om utbygging av Blådalselva vil redusere miljøtilstanden i denne elva også. Etter vassforskrifta skal det vurderast om miljøtilstanden vert redusert som følgje av tiltaket, og om det i så fall kan bli gjeve unntak etter § 12 i vassforskrifta. For å ta vare på fiskebestanden og andre ferskvassorganismar i Blådalselva er det viktig at minstevassføringa vert tilstrekkeleg stor.

Retningslinje 36 i fornybarplanen seier at miljømål i vassdrag, fastset i regional plan for vassforvaltning, må ligge til grunn i vasskraftprosjekt i Vestland.

Infrastruktur og veg

Bruksklasse på fylkesveg 5733 er Bk6 -28 tonn. Dersom det er behov å bruke køyretøy som overskrider 28 tonn i samband med utbygging, drift og/eller vedlikehald må det søkast om dispensasjon til Statens vegvesen.

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Tiltaket har ikkje økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Konklusjon

Fylkesdirektøren vurderer at området har potensial for funn av automatisk freda kulturminne, primært knytt til gardsdrift i førhistorisk tid. Det må difor gjennomførast kulturminneregistrering før ein byrjar med tiltak i tiltaksområdet. Tiltakshavar må difor ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før dei planleggjar å byrje med tiltaket.

Det er registrert tre lokalitetar for naturtypar av stor verdi i tiltaksområdet. Retningslinje 25 i fornybarplanen seier at etablering av røyrgate og anleggsveg ikkje må føre til vesentleg inngrep i naturtypar av stor verdi. Det vert difor viktig å avgrensa inngrepa i desse naturtypane så mykje som råd. Dette er òg i tråd med Regional plan for klima 2022-2035, for Vestland fylkeskommune. Viss det er vanskeleg å avgrensa inngrepa må krav det settast krav om avbøtande tiltak jf. retningslinje 22 i fornybarplanen.

Det er viktig at det vert tilstrekkeleg med vassføring utan brå vasstandsendingar på strekninga nedstraums utløpet frå kraftverket sidan utløpet til Breimsvatnet kan vere lokalt viktig gyte- og oppvekstområde for auren i vatnet. Blådalselva er ein del av vassførekomsten «087-104-R Kandalselva, bekkefelt» som er vurdert å ha svært god tilstand etter vassforskrifta. I søknaden blir det vist til denne tilstanden og at Kandalselva har moderat økologisk tilstand, som betyr at miljømålet ikkje er nådd. Det er viktig å vurdere om utbygging av Blådalselva vil redusere miljøtilstanden i denne elva også. Etter vassforskrifta skal det vurderast om miljøtilstanden vert redusert som følgje av tiltaket, og om det i så fall kan bli gjeve unntak etter § 12 i vassforskrifta. For å ta vare på fiskebestanden og andre ferskvassorganismar i Blådalselva er det viktig at minstevassføringa vert tilstrekkeleg stor.